



Søknad om å feste grav der det har gått meir enn 60 år etter siste gravlegging

Du kan søkje om å feste vidare ei grav der det har gått meir enn 60 år etter siste gravlegging ved å fylle ut **vedlagde søknadsformular**.

Dersom søknaden vert godkjend, vert krav om festeavgift sendt ut etter vanleg syklus. Festeavgifta er for tida på kr.150 per år og vert kravd inn for fem år om gongen, til dømes for perioden 2016-2021 denne gongen. Når festet går ut neste gong i 2021 vil det kome ny faktura der du som festar kan avgjere om du ynskjer å feste grava vidare nye fem år mot gjeldande festeavgift.

Bakgrunnsinformasjon:

I §3 i kyrkjegardsvedtektene frå 1.1.2008 står: "*Når det har gått 60 år etter siste gravlegging kan festet ikkje lenger fornyast utan etter særskilt samtykke frå kyrkjegardsstyresmaktene.*"

Frå 2008 vart det dermed opna for at ei grav i nokre tilfelle kan festast i meir enn 60 år etter siste gravlegging. Grunnen til at gravplassane i Balestrand og mange andre stader har hatt ei slik øvre grense, er som oftast kapasitet i høve til folketalet. Ved å setje ei øvre grense vert det ei viss utskifting av graver og ein hindrar at gravstader vert liggande ubrukt i urimeleg lang tid.

Sjølv om kyrkjegardsvedtektene no opnar for å fornye festet også etter 60 år, kan det på enkelte gravplassar framleis vere naudsynt å seie nei til slike søknader på grunn av kapasitetsproblem.

På Tjugum kyrkjegard var det lenge problem med å finne ledige graver, men dette løyste seg etter kyrkjegardsutvidinga med seks nye gravfelt som var tekne i bruk frå 1994. Søknader som gjeld Tjugum kyrkjegard vert difor som regel godkjende.

Ein annan ting som er spesielt med Tjugum er at dei gamle felta på kyrkjegarden er freda for ein periode (totalt 30 år). Dette medfører at graver på felt G og I ikkje kan nyttast til ny kistegravlegging før etter omregulering og "heving" av dei gamle felta på gravplassen med oppfylling av jord. Det vil endå gå nokre år før dette er aktuelt. Reglane om feste av grav må likevel gjelde her som på andre kyrkjegardar slik at dei som ynskjer å disponere gravene på dei gamle felta må betale festeavgift.

I Noreg har det generelt ikkje vore tradisjon for at graver vert ståande "for evig" og i Balestrand var det lenge ei øvre grense på 60 år etter gravlegging. På dei gamle felta på kyrkjegardane står det likevel ein del gamle gravminne som er eldre enn dette. I samband med framtidig omregulering vil det verte utarbeidd ein plan for vern av gravminne med vedtak om kva monument som skal takast vare på. Kriteria er gjevne i gravferdsforskrifta §27 og festarane vil verte kontakta når dette vert aktuelt.

Det vert her minna om at gravminnet er festar sin eigedom. Når ei grav går ut, står festaren fritt til å ta med seg gravminnet og ta vare på det. Gravminnet må då hentast innan seks månader etter at festeavtalen har gått ut.

Til slutt vil vi informere om at det er mogeleg å la berre den eine av to graver i eit feste gå attende til kyrkjegarden. Då vert den eine grava fjerna frå festeavtalen, medan gravminnet med namna vert ståande på den andre grava som ein kan feste vidare. Ein betaler då berre festeavgift for den eine grava ein då disponerer.

Søknad om å få feste grav som er eldre enn 60 år

Eg søker med dette om å få feste vidare ei grav der det har gått 60 år (eller meir) etter gravlegging.

Opplysningar om festar/søkjjar:

Fødselsnr (11 siffer): _____

Fullt namn: _____

Adresse: _____

Poststad og postnummer: _____

Telefon/Mobiltelefon: _____

E-post: _____

Opplysningar om grav:

Namn sist gravlagde: _____

Født dato: _____

Død dato: _____

Kyrkjegard: _____

Grunngeving for søknaden:

Eg stadfester med dette at underteikna er festar for denne gravstaden og at eg har gjort meg kjend med rettane og pliktene til festaren (jf. kyrkjegardsføresegner og gravferdslova med forskrift) og eg er informert om at graver på gravfelta I og G på Tjugum kyrkjegard ikkje kan nyttast til ny kistegravlegging før etter oppfylling og omregulering.

Stad og dato: _____

Underskrift: _____

Søknaden sendast til Balestrand sokneråd v/kyrkjeverja, Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND